
Fra: Synneve Lauvås <synneve.lauvaas@gmail.com>
Sendt: lørdag 15. desember 2018 09:51
Til: Postmottak Lindås
Emne: Dykkar ref.: 14/7379 - 18/32754

Vi har følgjande merknader til planID 1263-201407 etter 1. gongs offentleg ettersyn, vedrørende Mongstadvegen 507.

Det er vanskeleg for oss å forstå at det skal vera nødvendig med så store endringar i tilkjørselsvegar. Det er heilt nødvendig med gang- og sykkelveg, men dei øvrige endringane som berører vår eigedom, er det vanskeleg å forstå skal vera nødvendige. Slik planane framstår no, blir det dramatiske endringar på eigedomen vår, og det er vanskeleg å forstå at det skal brukast så mykje ressursar på endringar som for oss framstår som unødvendige. Vi forstår at tryggleiken står i hovudsetet, og støttar det, men kan ikkje sjå at det blir så mykje tryggare med ny utkjørsel, og veg frå naboeigedomen tvers over vår eigedom.

Vi ønskjer at det skal takast ny vurdering av følgjande punkt:

- Kan vegen frå hus nr. 505 til fylkesvegen gå der den går i dag, og at det blir køyrt på gang- og sykkelvegen til felles utkjørsel der hus nr. 507 til 513 køyrer ut?
- Kan det vera aktuelt at hus nr. 505 må nytta eksisterande utkjørsel i sørenden av eigedommen? Det går frå gammalt av ein veg frå nord til sør på eigedommen som bør vera ei rimelegare løysing enn å laga ny veg over vår eigedom. Ny veg over vår eigedom vil ta mesteparten av brukbart areal på tomten. Det vil føra til stort verditap på eigedomen, både på grunn av tapt areal og med trafikk rett forbi hushjørnet.
- Ønskjer at det blir vurdert på nytt om utkjørsel frå hus nr. 507 til 513 kan vera der den er i dag. Dersom utkjørselen blir flytta dit busstoppet er i dag, vil det medføra at det ikkje er mogeleg å ha noko som helst støydempande mellom huset vårt og vegen.

Med vennleg helsing
Synneve Lauvås